

Fra: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Sendt: 27.07.2021 08:23:41

Til: Arnfinn Halland <ahalland@msn.com>, ida halland <ida.halland@hotmail.com>

Emne: SV: Luftegard for hest.

Hei Ida

Takk for melding – det er flott at de tenkjer på å ta vare på jorda. Sidan arealet er registrert som fulldyrka jord kan det søkja om midlertidig omdisponering etter jordlova til luftegard. Så lenge hest er ein del av gardsdrifta tenkjer eg at det må gå fint. Det vil vektleggast at arealet enkelt kan tilbakeførast til fulldyrka att. Visst de er samd kan eg handsama meldinga de har sendt inn som ein søknad. Det er ikkje naudsynt å søkja etter pbl då ein ikkje skal gjera terrengending.

Med venleg helsing

Laila Bjørge

Avdelingsleiar landbruk

Telefon: 56 171185/957 35 405

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Frå: Arnfinn Halland <ahalland@msn.com>

Send: søndag 4. juli 2021 16:44

Til: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Kopi: ida halland <ida.halland@hotmail.com>

Emne: Luftegard for hest.

Landbrukssjef Laila Bjørge

Alver kommune.

Eg vil med dette melda frå om at det vil verta laga ein luftegard for hest på gnr/bnr 460/6, slik vedlagde kartutsnitt viser. Planlagde mål er 22x30 meter. Det vert lagt grus på duk over uendra grunn slik at området kan attendeførast til noverande tilstand, om det skulle verta aktuelt.

Ein sterkt trafikkert fylkesveg går gjennom tunet her, noko som gjer at når området elles eignar seg, så synest det sjølvsgatt at luftegarden må vera på same sida av denne vegen som driftsbygningen på garden, i og med at tilgang til straum, vatn og fór-lager finst der.

Evt. kommentarar og/eller spørsmål vert å retta til Ida Marie Askvik Halland, tlf. 930 02 210,
e-post: ida.halland@hotmail.com

Venleg helsing
Arnfinn Halland